




Sør-Norge Aluminium AS
Desember 2003

SØRALPOSTEN



SØRAL sine naust ved Opsangervatnet
Foto: Geir Berntzen

I forfedrane sine fotefar



Hans Ordin Østebø har stor glede av å finne opplysningar om slekta si. Alt han kjem over vert systematisk lagt inn i databasar på pc-en.

Han er ein sporhund av dei sjeldne. Tolmodig og målmedviten, og med god kunnskap om kor det er lurt å leita. Så langt har han funne fram til om lag to tusen personar. Alle som ein er dei slektingane hans.

Dei fleste av oss er vel alle meir eller mindre interesserte i slekta vår. Dei første ledda bakover kjenner vi stort sett til utan å måtte slå opp i bygdebøker eller andre oppslagsverk. Hans Ordin Østebø frå Uskedalen er noko over gjennomsnittet oppteken av slekta si. Heilt sidan han kjøpte pc-programmet *Familearkiv 97* - omtrent på dei tidene som tittelen skulle illustrera - har veldig mykje handla om å leita seg lenger og lenger bak i slekta. Og kanskje vel så viktig: Få litt kjøtt på alle dei namna som dukkar opp. Kven var dei? Kva dreiv dei med? Og kva for kår levde dei under?

Morsarven

- Det var nok mor mi, Kristi (fødd: Guddal) som kveikte interessa for slektsgranskning hjå meg. Ho laga små anetavler med sirklar, og fylte inn namn så langt kunnskapen rakk. I dag er det vel eg som er den største slektsgranskaren av oss, smiler 34-åringen frå Uskedalen. Kyrkjebøker, skifteprotokollar,

folketeljingar og bygdebøker er alle mellom dei mest nytta kjeldene til nyvunnen innsikt om folk og tider som var.

Dobbel bokføring

- Kyrkjebøkene er nok dei aller beste. Alle prestane i landet vårt har stort sett sidan kring år 1700 vore pliktige å føra kyrkjebøker. Her finn vi opplysningar om dåp, konfirmasjon, vaksinasjon, truloving og vigslar, død og gravferder og inn- og utflyttingar frå og til soknet. Om lag hundre år seinare vart det også vanleg med klokkarbøker. Dei omhandla den same informasjonen som kyrkjebøkene, men var som namnet tilseier, ført i pennen av klokkaeren. Det finst mange døme på at han har skrivne inn ting som presten ikkje har teke med. Hovudårsaka til dette doble bokhalderiet var at verdfull informasjon ikkje skulle gå tapt. Bøkene vart såleis aldri lagra på same stad. I tilfelle brann eller andre uforutsette hendingar.

Start tidleg

Om slektsgransking har vorte veldig populært det siste tiåret, er det framleis dei eldste av oss som er dei ivrigaste. - Med mine 34 år er eg definitivt mellom dei yngste i gjengen. Det er trist. For til tidlegare ein startar med å finna informasjon om sine eigne slektingar, dess betre sjanse har ein for å få ein god start. Tenk deg om du kan setja deg ned med familiealbumet saman med besteforeldra dine. Få informasjon om namn, hendingar og tidspunkt på dei ulike motiva. Då sparer du deg garantert for mykje tungt verifiseringsarbeid seinare. Sidan dei langt fleste som før alvor byrjar å interessera seg for slektstavla si er langt opp i åra, seier det seg sjølv at det er vanskeleg å få overført sannferdig kunnskap frå slektsledd som ligg før ein sjølv, hevdar Østebø.

Eigen klubb

- Vi møtest ein gong i månaden. På biblioteket på Husnes. Totalt har vi kring 30 medlemmer i den lokale DIS-klubben vår. Dei store bokstavane står for "Databehandling I Slektsgransking". Tidlegare reiste eg til DIS Hordaland sine møter i Bergen, men det var litt tungvint å koma seg til og frå midt i vekene. Difor tok eg initiativ til å danna ein klubb i Kvinnerad. Vi har også tre medlemmer som kjem frå Odda for å vera med på samlingane våre. Her diskuterar vi problem knytt til slektsprogram, og andre praktiske hindringar på vegen mot ny informasjon. Det er slett ikkje nokon eliteklubb vi snakkar om. Her er kaffikosen og den sosiale ramma det viktigaste, forsikrar Østebø.

Frå Ryfylke

Hans Ordin er ikkje gift. - Eg har mykje tid å ta av. Når eg går ut porten på SØRAL etter endt arbeidsdag eller -veke, er det ingen andre som legg seg borti kva eg gjer. Det er litt godt når ein har slike hobbyar og interesser som meg, smiler 34-åringen. Men kikkar ein bakover i farsslekta, finn ein raskt karar som skil seg radikalt frå det livet den SØRAL-tilsette fører. - Østebø-slekta kjem frå Ryfylke. Nærere bestemt Vormestrand på Ropeidhalvøya. I

Å ta vare på gamle klenodier er også ein bit av slektsforskinga.



Ikkje nok med at Hans Ordin Østebø brukar mykje tid på å leita opp slekta si: Han har også digitalisert heile fotoarkivet til Uskedal ungdomslag.

- No finn ein alle dei 1060 bileta på internett, reklamerar uskedølen.

dag ein del av Suldal kommune. Tidlegare låg det under Vikedal. Tipp-tipp oldefaren min vart kalla Store-Halvard. Han var fødd i 1777, og før han gjekk i grava, hadde han vore gift ikkje mindre enn tre gonger. Totalt skal han ha hatt ansvaret for 21 fødselar. Ein del av desse ungane døydde svært tidleg, som vanleg var på den tida. Sjølv har eg klart å spora opp 19 av desse 21 tidlegare slektingane mine.

Kvekarar

Så har han då også brukt ei veke av sommarferien sin på Statsarkivet i Stavanger. For å finna spor etter slekta si. - Tida gjekk sånn, seier Østebø og knipsar med fingrane. - Eg stod veldig fast med å finna nokre slektingar på farmor si side. Dei var kvekarar og haugianarar. Eg leitte og leitte, men fann ikkje noko.



Før eg tilfeldig bladde heilt bakerst i ei kyrkjebok frå Bokn. Der stod dei oppskrivne som innflyttarar frå Stavanger. I folketeljinga frå 1865 stod dei oppført som kvekarar, i kolonna for sjukdom. Det fortel vel det meste om korleis omgjevnadane såg på dei.

På kanten

Skal ein finna spor etter slekta si langt attende i tida, kan det vera ein stor fordel om dei har oppført seg litt på kanten. Litt småkjeltringar eller store kverulantar. Det set sine spor. - Sjølv har eg ikkje så mange slike på farssida. Men på mor mi si side er det litt småknask. Julebordsesongen kunne vera tøff også den gongen. Ein av slektingane rykka ein annan litt for hardt i skjegget, og då var knivane raskt framme. På Musland var det ein slekting som hadde utuktig omgong (ikkje gifte) med ei tenestejente frå Nedre Musland. Dette skjedde kring 1750. Han fekk bot. Ho vart sendt på tukthuset i Bergen. Då ho seinare kom attende, gifta dei seg. Slike opplysningar er det aldri vanskeleg å spora opp i bøkene, smiler Østebø.

PS! Hans Ordin Østebø har også registrert kyrkjegarden i Uskedalen og lagt alle namna inn under det såkalla digitalpensjonatet. Det er ein stad hjå digitalarkivet der folk og organisasjonar utanfor kan leggja informasjon. Lista vart vart avslutta i 2000 og tel 719 namn. Frå i fjor sommar og fram til i dag har det vore mest 9.000 treff på denne basen. Tydeleg at Østebø ikkje er åleine om å leita etter opplysningar om forfedrane sine.

Kolofon

Utgjevar: Sør-Norge Aluminium AS

www.soral.no

Opplag: 6000

Ansvarleg redaktør: Tor Bringedal

tor.bringedal@soral.no

Tekst/foto: Vidar Alfarnes

valfarn@online.no

Produksjon: AI Grafisk Kvinnherad

kvinnherad@AIgrafisk.no

Omslagsfoto: Geir Berntzen